

Utvandringsfestivalen på Sletta



MANNSTERKE: Tre menn tok grep for å avduka det nye monumentet. Her er frå venstre Agnar Høyseter, Torbjørn Greipsland og Sverre Mørkhagen.



SPELTE NASJONALSONGAR: Manger Old Star stod for dei musikalske innslaga under seremonien og spelte mellom anna den norske, kanadiske og den amerikanske nasjonalsongen.



LOKAL TEIKNAR: Harald Hopen frå Austrheim har teikna skiløparen på monumentet som vart avduka laurdag.

Sletta heidrar skipionerar

Sletta kan neppe seiast å vera eit senter for skisporten, men det hindra ikkje utvandringssenteret i å heidra skipionerar med eigen minnestein.



Av Anne-Lise Nordpoll
anne.lise@strilen.no

– Då eg skulle førebu meg til å halda talen her i dag, slo eg opp i Gyldendals Store norske leksikon for å sjå kva som stod der om desse pionerane. Der fann eg ikkje eitt ord om nokon av dei, men så gjorde eg eit søk på internett. Då fann eg nymkje, sa tidlegare skihoppar Agnar Høyseter. Laurdag fekk han det ærefulle oppdraget å avduka ein ny minnestein på Vestnorsk utvandringssenter. Steinen er reist til minne om norske utvandrere som fremja skisporten i Amerika.

– På tide

Høyseter var ikkje i tvil om at det er på sin plass at skipionerane får ein minnestein på norsk jord.

– Dette er personar som nok er lite kjente på norsk jord, men i Amerika er dei godt kjente. Sletta er kanskje ikkje det mest naturlege senteret for norsk skisport, men ein stein som dette passar godt inn i eit perspektiv kring senteret her, sa han.

På steinen er det inngravert namn på fem personar som spesielt har utmerka seg i arbeidet for skisporten. Ein av desse er John Albert Thomson.

– Han kom til Amerika då han var ti år gamal og hugsa framleis att korleis det var å gå på ski. Som vaksen tok han seg jobb som postbud og for å få posten fram fann han seg ein eikestokk og skar seg ut eit par ski. Dei var to meter og 70 centimeter lange og ti centimeter breie, så det var litt av nokre ski. Men dei var utruleg effektive og fungerte under tøffe forhold, på ei strekning der mange tidlegare hadde måtta gje opp, sa Høyseter, og fekk smilet fram hjå tilhøyrarane.

Lokal teikning

Dei fram møte fekk også vita at teikninga på minnesteinen er laga av Harald Hope frå Austrheim.

– Eg fekk spørsmål frå Asbjørn Ystebø om eg kunne tenkja meg å teikna bilde av ein skiløpar til steinen. Eg likar å teikna og har det som hobby, men eg har aldri prøvd meg på noko slikt før, seier Harald Hope, som er forsiktig med å skryta på seg dei heilt store skiferdighetene.

– Eg likar å sjå skisport på fjernsyn og klarar meg helst med det, men det var artig å få teikna bilde til steinen. Det er litt spesielt å sjå teikninga si hogd i stein, seier han til Strilen.

– Imponerende arbeid

I tillegg til avdukinga av den nye steinen vart det avhalde ærerseremoni med talar og kransened-



VETERAN: Jon Pettersen (95) var med og kjempa i 2. verdenskrig.



MILITÆR INNSATS: Karsten Stene fortalde om innsatsen til 99th Infantry Battalion. Bataljonen vart oppretta i USA og mannskapa var frivillige første- og andregenerasjons norske innvandrare til USA. Mai Iren Sylta heldt kransen.

legging ved dei andre minnesteinane kring kyrkja.

Her står steinar for å minna prairiepresten og kyrkjelyden hans, krigsseglarar, 99th Infantry Battalion, monument for å minnst norsk-amerikanske pionerkvinner, arbeiderpartimann og dei fattige sin talsmann Marcus Thrane, utvandring til andre nordiske land og hovudmonumentet som markerer samholdet mellom Noreg, Canada og Amerika.

– Det er eit imponerende arbeid som er lagt ned her sidan opninga for 13 år sidan, sa rektor ved Universitetet i Bergen, Sigmund Grønmo.

Han var tilstades for å leggja ned krans på monumentet over pionerkvinnene. Fleire av foredragshaldarane frå fagseminaret tidlegare på dagen var også tilstades under seremonien, og etter høgtidsstunda ved kyrkja var det klart for festbankett med kultu-



FLEIRE NASJONALITETAR: Flagg frå fleire nasjonalitetar blafra i vinden på Sletta laurdag, og publikum kom frå både fjern og nær.

relt program og helsingar frå inn og utland.

– Bra besøk

Avdelingsleiar ved Vestnorsk utvandringssenter Ida Dyrkorn Heierland var godt nøgd med årets festival.

– Me er svært godt nøgde. Alle gjorde det dei skulle, både frivillige og profesjonelle aktorar. Besøket har vore jamt over godt, og eg trur folk har fått både faglege og kulturelle opplevingar dei har sett pris på, seier ho til Strilen.